

Årsmelding for Bømlo sokn

2020

Medarbeidarar i Bømlo sokn

Fríðleif Lydersen, sokneprest

Øystein Skullerud, kantor

Marta Havn, trusopplærar (permisjon frå mars 2020)

Camilla Rubach, trusopplærar (frå aug. 2020)

Linda E. Tufteland, klokkar

Andreas Tislavoll, teknikker

Bømlo sokneråd

Elin Vold, leiar

Trygve Totland, nestleiar

Einar Eidesvik, kasserar

Nancy Helen Sørenes Olsen, sekretær

Odd Ingvar Nilssen

Gorm Eidesvik

Fríðleif Lydersen, sokneprest

Dagnor Engenes, 1. vara

Rolf Magne Skippervik, 2. vara

Olga Kårbø, 3. vara

Solfrid Lønning, 4. vara

Laila Bauge, 5. vara

Bømlo fellesråd

Trygve Totland

Odd Ingvar Nilssen

Nancy Helen Sørenes Olsen, 1. vara

Gorm Eidesvik, 2. vara

Trusopplærings- og gudstenesteutvalet:

Else Marie Totland

Gorm Eidesvik

Marta Havn (til mars 2020)

Camilla Rubach (frå aug. 2020)

Øystein Skullerud

Fríðleif Lydersen

Diakoniutvalet

Svanhild Vespestad

Astrid Vespestad

Laila Bauge

Målfrid Bie Nilssen

Marie Vespestad

Erna Marie Julbø

Kyrkjemusikalsk arbeid

Øystein Skullerud

Trygve Totland

Medlemmar i Estlandskomiteen

Olga Kårbø

Anne Margrethe Eidesvik

ÅRSMELDING FRÅ BØMLO SOKNERÅD 2020.

Soknerådet har hatt 7 møter i årsmøteperioden.

Nye bord og benker er kome på plass i kyrkjebakken.

Det har vore arrangert ein ryddedugnad i kyrkja. Det vart kjøpt inn hyller til oppbevaring og orden i enkelte rom.

Soknerådet har i samarbeid med Bømlø Omsorgstun kjøpt inn nytt videoutstyr som kan nyttast til overføring.

Planarbeid / forprosjekt med oppgradering av kyrkja held fram.

Planarbeid / forprosjekt med utviding av gravplassen held fram.

I staden for juletre inne i kyrkja vart det sett ei gran i kyrkjebakken i desember månaden.

ARRANGEMENT.

Utanom ordinære gudstenester og aftensong.

KN Fasteaksjon vart gjennomført digitalt.

Dåpsjubileum for 10 åringar.

Få arrangement har latt seg gjennomføre dette året grunna covid - 19 pandemien. Gudstenester har vorte streama gjennom året 2020 og har på den måten nådd ut til mange trass situasjonen me står i.

Bømlø sokneråd ynskjer å retta ei varm takk til alle som på ein eller anna måte bidreg og deltek i kyrkja. Særs takk til konfirmantane som deltek i gudsteneste (dei få gongene dette har vore mogleg i 2020)

Takk til deg som kjem til gudsteneste.

Leiar og sekretær i Bømlø sokneråd.

Elin Vold og Nancy Helen Olsen

Soknepresten sin årsrapport for Bømlo sokn.

Dette året er det vanskeleg å skrive ei vanleg rapport for koronaen har gjort at mykje av arbeidet i kyrkjelyden har vore avlyst eller på nett.

Dette året har det vore 19 gudstenester i Bømlo sokn inkludert 2 gudstenester på Bømlo omsorgstun og 1 gudsteneste i Espevær. Vi hadde i tillegg 4 enklare andaktsstunder på omsorgstunet. Dei årlege juleskulegudstenestane vart avlyste i dvs. skulen på Espevær er lagt ned, så det hadde uansett vore ei gudsteneste for Hillestveit skule. Det har vært streama totalt 21 gudstenester frå kyrkjene på Bømlo dette året, så på den måten har vi kunne gitt folket her i kommuna og andre plassar eit godt tilbod.

Eg kan nemna to av dei store produksjonane når et gjeld gudstenester var 17. mai og juleaftan blei felles gudstenester for heile Bømlo. Det blei tekne opp frå heile Bømlo, kyrkjer og andre plassar, og det var mange aktørar som var med. Opptaka blei sydd saman til to flotte gudstenester som mange har sett på nett. Ei musikkvideo blei laga i samband med Kirkens Nødhjelps fasteaksjon med aktørar frå heile kommuna, og denne blei ei stor suksess. Det ein digital julekalender for heile Bømlo med aktørar frå heile Bømlo.

Det var 10 gravferder og 2 vigslar. Det var 10 gudstenester med dåp og en konfirmasjonsgudsteneste med 14 konfirmanter.

Trusopplæringa har som alt anna kyrkjeleg arbeid vært råka av koronasituasjonen.

Marta Havn har vore i permisjon sidan mars, og Camilla Rubach har vore vikar sidan august.

Ei stor takk til alle løna og uløna medarbeidarar for det de har gjort i 2020 i regi av Bømlo sokn.

Gud velsigne dykk og den tenesta de står i.

Sokneprest

Fríðleif Lydersen

Onsdag 10. februar 2021

Trusopplæring og barne- og ungdomsarbeid

Trusopplæringsutvalet har møte saman med gudstenesteutvalet. Medlemene i utvala i 2020 har vore Gorm Eidevik og Else-Marie Totland. Kyrkjelydspedagog Marta Havn (vårsemesteret), kyrkjelydspedagog Camilla Rubach (haustsemesteret), sokneprest Fridleif Lydersen og kantor Øystein Skullerud har delteke på utvalsmøta. Trusopplæringsutvalet jobbar ut i frå trusopplæringsplan vedtatt i 2014, men med endringar undervegs.

Året har vore annleis for heile samfunnet grunna korona, dette har òg fått innverknad på trusopplæringa i soknet. Fleire trusopplæringstiltak har dessverre blitt avlyst eller vorte endra på. Ein har ikkje hatt moglegheit til å gjennomføre trusopplæringstiltaket samstundes som ein overheld gjeldande smittevernreglar.

Konfirmasjonen våren 2020 vart utsett til september, men er svært glade for at me fekk gjennomført ei fin konfirmasjonsgudsteneste på hausten.

Utvalet har gjennomført/ planlagt å gjennomføre desse tiltaka:

Babysong	gjennomført deler av året i Lykling kyrkje
Tru:D1 Myldrekveld	avlyst grunna korona
Tru:D2 Myldrekveld	avlyst grunna korona
Tru:D3 Krøllekveld	gjennomført
Tru:D4 Utdeling av 4-årsbok	gjennomført
Tru:D6 Skulestartmarkering	gjennomført med nokre endringar
Tru:D7 Påskedramagudsteneste	avlyst grunna korona
Tru:D8 Aktivitetsdag	avlyst grunna korona
Tru:D9 Tårnagenthelg	gjennomført
Tru:D10 Jubileum for dåp	gjennomført
Tru:D11 LysVaken	avlyst grunna korona
Tru:D12/13 12hours-festival	avlyst grunna korona
Tru:D14 Innskriving av konfirmantar	avlyst grunna korona
Tru:D15 Konfirmantarbeid	gjennomført med nokre endringar
Tru:D16 Fjorårskonfirmantar	avlyst grunna korona
Tru:D17/18Tur til London for 17 -og 18-åringar	avlyst grunna korona

For at tiltaka innan trusopplæring skal bli noko meir enn enkeltståande hendingar, er det viktig med samarbeid mellom kyrkja og bedehuset. Det er viktig at det vert opplyst om aktivitetar for den aktuelle aldersgruppa på dei ulike trusopplæringstiltaka me har i kyrkja, men dette året har mange aktivitetar hatt pause på grunna av korona. Dei fleste konfirmantane går på UFO.

Det er alltid behov for fleire medarbeidarar til dei ulike trusopplæringstiltaka, frivillige som kan vere med å drive god, og viktig, trusopplæring for alle barn mellom 0-18 år i Bømlo sokn.

Årsrapport om kyrkjemusikalsk arbeid 2020

Korona-tiltaka sette ein stoppar for mykje av den planlagte kyrkjemusikalske aktiviteten i 2020. Ein planlagt songkveld i Bømlo kyrkje søn 29 mars, måtte utsetjast til hausten. Han fann stad søn 27 sep med Arne Kvarven som songsolist med Bømlo kyrkjekor, Moster kyrkjekor og kantor Ø Skullerud. Den tradisjonelle julekonserten med korps, kor og lokale solistar kunne heller ikkje gjennomførast i 2020. Restriksjonane gjekk i stor grad utover kordrifta. I dei føregåande åra har kyrkjekoret hatt rundt 25 øvingar. I 2020 hadde vi berre 14 øvingar i løpet av heile året, altså rundt halvparten av det normale. Medlemstalet i koret har vore stabilt gjennom året med 10 aktive medlemmer.

Koronasituasjonen fekk også stor innverknad på gudstenestefeiringa. I store delar av året, var det ikkje gudstenester i Bømlo kyrkje på søndagane, men i staden digitale gudstenester. T.d. var alle gudstenestene i påska og på 17 mai og julaftan digitale. Konfirmasjonsgudstenesten vart utsett til laurdag 5 sep. Her deltok Venke Engenes på kornett. Det blei tillate å halde gudsteneste i Bømlo kyrkje i jula. 2 juledag var det gudsteneste med deltaking frå kyrkjekoret og gruppe frå Hillestveit musikkorps.

Den reduserte aktiviteten som følgde av korona-tiltaka, ga rom for enkelte andre ting som elles ikkje ville ha blitt gjennomført. Det vart halde open kyrkje tre gonger, ein av dei med orgelresitasjon av kantor Ø Skullerud. Palmesøndag kom også videoproduksjonen «Påskan i ord og tonar», produsert av B K Ijosdal og E Stensland, med orgelmusikk ved kantor Ø Skullerud og tekstlesingar av A-B L Skullerud.

Det har ikkje vore aftansong og orgelmeditasjon i 2020.

Derimot blei det arrangert konsert med Webjørn Sæther (saxofon) og Bjarte Aadland (orgel) søn 8 nov med 15 frammøtte. Det var rett før det blei nye innstrammingar i korona-tiltaka.

Ein kan òg nemna at Bømlo kyrkjekor, Moster kyrkjekor og kantor Ø Skullerud gjesta Maria-logen i Haugesund tys 3 mars med Grundtvig-kabareten «strengen er av gull» (sjå kyrkjemusikalsk årsmelding for 2019).

Ryde&Berg orgelbyggeri gjennomførte garantiservice på orgelet i to omgangar i 2020. Det ligg føre ein detaljert rapport om kva arbeid som er utført. Arbeidet resulterte i at orgelet fungerer mykje betre enn tidlegare (sjølv om det ikkje var dårleg før). Det har likevel vore enkelte problem med «heng» i sveivverket etter denne servicen (som ikkje var der før). Problemet er at ventilane innimellom ikkje lokkar seg skikkelig, men blir hengande fast i bak-kant, slik at ventilen blir ståande open (og pipa fortsette å gje lyd) sjølv om tangenten vert slept opp. Dette problemet dukka opp under nemnde konsert med Sæther/Aadland og forringa han noko. Ryde&Berg er gjort kjend med problemet før utløpet av 2020. Dei anbefalte som eit første forsøk å stikke opp ventilane slik at dei ikkje så lett heng fast. Dette er gjort, og problemet er no ikkje plagsomt. I fall det blir verre igjen, vil kantor ta kontakt med Ryde&Berg for å få det løyst.

Ryde&Berg skriv i rapporten: «Vi kan, om kirken ønsker det, levere et tilbud på å sparkle og male vegg, legge ferdig gulv og sette inn en dør til motorrom, samt innlisting av motorkasse.»

Pianoene blei stemte av pianostemmar Per Klaver i oktober 2020.

Sjå elles årsmelding for Gudstenesteutvalet og årsrekneskap for soknerådet.

Bømlo mars 2021

Øystein Skullerud

Årsmelding for Diakoniutvalet 2020

Utvalet:

Svanhild Vespestad, Astrid Vespestad, Laila Bauge, Målfrid Bie Nilssen, Marie Vespestad og Erna Marie Julbø.

Det var kalla inn til møte første veka i mars. Grunna mange som ikkje kunne møte vart dette avlyst. Så kom Kovid 19.

Me hadde den årlege nyttårsfesten på Omsorgstunet 6.januar.

Delteke på andaktane på Omsorgstunet fram til april.

Open Kyrkje

Blomar til alle 80 – og 90 åringar.

Minnekonserert i Bremnes kyrkje.

Me søkte om midlar og fekk 10.000 frå Eidesvik Havfiske.

Desse pengane dekkar resten av utgiftene me har hatt på» Nystua».

Då det vart alvorleg sjukdom i familien og stor belastning på undertegna såg eg ikkje at det var energi nok til å stå i spissen for Diakoninemnda.

I brev 30.november 2020 har eg gjeve melding om dette til Soknerådet.

Soknerådet har og fått brev som stadfestar at Diakoninemnda har utstyrt stova i tilknytning til leilighetane i BOT, der det og er stadfesta at rommet m/inventar skal disponerast av Bømlø omsorgstun dersom Diakoninemnda ikkje nyttar den lengre.

Bømlø 04.04.2021

Svanhild Vespestad